



## Møteprotokoll for Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

**Møtedato:** 18.05.2017  
**Møtestad:** Osterøy rådhus - kantina  
**Møtetid:** 12:00 - 14:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Aksel Låstad		Medlem
Knut Tormod Bruvik		Medlem
Kåre Hagebø		Utvalseiar
Åse Olsnes		Nestleiar

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Atle Eide		Medlem
Vidar Pedersen		Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Annbjørg Bysheim Herland	KRF	Vidar Pedersen

**Følgjande frå administrasjonen møtte:** Utvalssekretæren. Sektorleiar Nina Kvamme var til stades under sak 006/17 – melding nr. 1.

### Sakliste

Saknr	Tittel
004/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
005/17	Godkjenning av møtebok
006/17	Referatsaker og meldingar

#### **004/17: Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

#### **18.05.2017 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

#### **RFF - 004/17 VEDTAK:**

Innkalling og sakliste vart godkjend.

---

#### **005/17: Godkjenning av møtebok**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå 04.04.17 vert godkjend.

#### **18.05.2017 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Det var ikkje merknader til utsend protokoll frå 04.04.17.

#### **RFF - 005/17 VEDTAK:**

Møtebok frå 04.04.17 vart godkjend.

---

#### **006/17: Referatsaker og meldingar**

**Rådmannen sitt framlegg:**

"Referatsakene vert tekne til vitande."

#### **18.05.2017 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

*Melding nr. 1 - Høyringsbrev - Lokal forskrift om tildeling av langtidsplass i institusjon*

Sektorleiar helse, omsorg og sosial Nina Kvamme gav ei grundig orientering om Lokal forskrift for

tildeling av langtidsplass i institusjon. Ho svarte og på spørsmål frå rådet.

Det vart ikkje gjort noko særskild vedtak i samband med denne melding.

*Melding nr. 4 – Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid – Fosslid bustad, gnr. 137, bnr. 200 m.fl. vart delt ut i møtet.*

**RFF - 006/17 VEDTAK:**

**"Referatsakene vert tekne til vitande."**

---

**Andre saker:**

- Aksel Låstad tok opp spørsmål kring ny ordning og ny opningstid for NAV-kontoret på Osterøy. Kate Elin Samuelsen frå NAV-kontoret kom til møtet og orienterte om dei ny ordningane.
- Leiaren hadde motteke invitasjon til Memoriadagen 30.05.17 på Høgskulen på Vestlandet. Invitasjonen vart delt ut i møtet. Leiaren vil delta på Memoriadagen. Dersom andre i rådet ønskjer å delta, kan dei melda seg på sjølv og deretter gje melding til leiaren for eventuell felles transport.
- Utvalssekretæren, Turid Reigstad, sluttar i kommunen 30.06.17 p.g.a. oppnådd aldersgrense. Dette var det siste møtet for sekretæren i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, og det vart servert kake og kaffi. Leiaren hadde med gåve til sekretæren, og takka for godt gjennomført arbeid og godt samarbeid i rådet gjennom mange år. Utvalssekretæren takka og for seg og for godt samarbeid med rådet gjennom 14 år.

---

Til å skriva under møteboka saman med leiaren vart desse valde: Aksel Låstad og Åse Olsnes.

Lonevåg, 24.05.17

Turid Reigstad  
Utvalssekretær

---

Kåre Hagebø  
leiar

---

Aksel Låstad

---

Åse Olsnes